



TIME KOMMUNE

Bryne ungdomsskule

26.06.2024

Ordensreglar for Bryne ungdomsskule

Føremål: Ordensreglane skal fremja samarbeid og trivsel, respekt og medansvar for alle på skulen. Skal me få dette til, må alle vera venlege, omsynsfulle,ærlege, høflege og hjelpsame mot kvarandre.

Reglar

Orden (førebuing, arbeidsvanar og arbeidsinnsats) Eleven skal ha god orden. Det er god orden å: <ul style="list-style-type: none">- Møta presis på skulen og til undervisninga- Ha skulesakene i orden- Ha med nødvendige lærermiddel og utstyr- Gjera arbeidet ein blir pålagt så godt ein kan og til rett tid.- Bidra til at skulen sitt område er ryddig og reint- Vera på skulen og delta i undervisninga heile skuledagen	Oppførsel (all oppførsel på skulen, både mot medelevar, lærarar og andre tilsette) Eleven skal ha god oppførsel. Det er god oppførsel å: <ul style="list-style-type: none">- Bidra til arbeidsro i timane- Retta seg etter beskjedar frå tilsette i skulen.- Ikkje banna eller brukta anna grovt språk- Ikkje mobba eller på andre måtar krenka andre fysisk, verbalt eller digitalt- Visa respekt for skulen og andre sine eigedalar- Ikkje ha snop eller brus på skulen- Ikkje røyka, snusa eller vera påvirkta av rusmiddel- Ikkje fuska eller forsøka å fuska i arbeidet.- Legga att mobiltelefon heime eller legga den i mobilhotell på skulen- Bruka pc og nettbrett bare til skulearbeid
---	--

REAKSJONAR

Dersom du ikkje rettar deg etter desse reglane, reagerer dei vaksne på skulen med:

- Samtale med lærar
- Telefon/mail/melding til føresette
- merknad på orden/oppførselskarakter
- dersom du misbruiker pc og i-pad på skulen, vert han dregen inn og du får han igjen etter skuletid.
- dersom du ikkje leverer inn mobil i mobilhotell, blir den inndregen og du får den igjen etter skuletid. Dersom dette ikkje skjer, blir føresette kontakta.
- Gjenstandar som blir brukt på ein farleg eller provoserande måte vert dradd inn.
- utvising frå skulen inntil tre dagar
- du må erstatta eventuell skade

Ordensreglane gjeld i skuletida, for arrangement på skulen utanom vanleg skuletid, på turar og liknande som skulen har ansvar for. Brot på ordensreglane kan få konsekvensar for ordens- og oppførselskarakteren.

Iselin Gjære Lothe, rektor

Postadresse	Bryne ungdomsskule	Tlf	51776000	Rådhuset
Rådhuset Postboks 38 4349 Bryne	Sveinsollsvegen 5 4340 Bryne	Tlf 51776440	Bryne ungdomsskule	